



Rolf Helge Hellebø  
Åmundsleitet 97  
5115 ULSET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/832 - 14/3415

Saksbehandlar:  
Lillian Straumøy Brakstad  
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:  
07.03.2014

## Godkjenning - tiltak utan ansvarsrett. Tilbygg til hytte på Vikebø, gbnr 45/27.

**Administrativt vedtak. Saknr: 36/2014**

### **Saksutgreiing:**

Det vert vist til søknad motteke 20.02.2014 i Meland kommune. Søknaden gjeld bygging av tilbygg til hytte på gnr. 45 bnr.27 på Vikebø .

### Planstatus:

Eigedomen ligg i kommuneplanen som bustadområde. Tiltaket krev ikkje dispensasjonshandsaming då eigedomen er bebygd.

### Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla 09.02.2014. Det er ikkje motteke merknader til varselet og alle naboar har samtykka til tiltaket. Det er ikkje naudsynt med ytterlegare varsling i saka. Nabovarslinga vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

### Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonskart motteken 20.02.2014. Tiltaket må verte brannsikra i samsvar med teknisk forskrift av omsyn til fare for brannsmitte. Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29-4.

### Planløyising og utsjånad:

Tiltaket har forsvarleg planløyising og er i samsvar med Pbl § 29-1.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

## Vedtak

"Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-2 løyve til bygging av tilbygg til hytte på gnr.45 bnr.27 i samsvar med søknad motteke 20.02.2014.

Det vert vist til vedlagte kart og teikningar motteke 20.02.2014.

Plassering som vist på kart og med følgjande toleransekrav:

I horisontalt plan + - 50 cm. I vertikalt plan + - 20 cm. Minstegrensa på 4 meter til nabogrense er absolutt.

Opplysningar om bygget, - type bygg, areal, tiltakshavar/ansvarleg søker – som kjem fram i søknaden, vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova.

Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjeve unntak.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Meland kommune ber om at det vert meld frå når tiltaket vert starta opp og ferdigstilt.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde."

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad  
konsulent

### Mottakere:

Rolf Helge Hellebø

Åmundsleitet 97 5115

ULSET